PLANPROGRAM

Kommuneplanen sin arealdel
Volda kommune

HØYRINGSUTKAST

Vedteke av kommunestyret xx.xx.xx
sak xx/xx



Innhald

Revidering av arealdelen	s. 2
Føringar for planarbeidet	s. 3
Arealstrategiar	s. 4
Føremål	s. 6
Hovudtema	s. 6
Status, arealbehov og kunnskapsbehov	s. 9
ROS-analyse	s. 14
Konsekvensutgreiing	s. 15
Organisering og framdrift	s. 17
Arealinnspel og påverknad	s. 18
Oversikt over sentrale føringar	s. 20

Revidering av arealdelen

Kva er kommuneplanen sin arealdel?

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sin overordna plan for bruk og vern av areala i kommunen. Arealdelen er kommunen sitt viktigaste styringsreiskap for arealplanlegging og utbygging. Planen fastset kva areala i kommunen skal nyttast til, kva område som kan byggast ut og kva område som skal takast vare på. Den viser også kva rammer og omsyn som skal gjelde for bruk og utvikling av areala.

Arealdelen består av plankart, føresegner og planomtale. Den skal følgje opp mål og arealstrategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel og vise korleis nasjonale og regionale mål og retningsliner er følgde opp. Planarbeidet skjer etter plan- og bygningslova, som stiller krav til innhald, prosess og medverknad.

Kvifor skal arealdelen reviderast?

Volda kommune har i dag tre planar som til saman utgjer kommuneplanen sin arealdel. Delar av plangrunnlaget er gammalt og byggjer på eldre lovverk, kunnskap og føringar. Samtidig har kommunen fått nye behov og nye føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.
Revisjonen skal samle og oppdatere det overordna plangrunnlaget for heile kommunen og gi ein arealdel som er tilpassa dagens behov, kunnskap og føringar. Oppstart av revisjonen ble vedteken i kommunen sin planstrategi.

Kva er eit planprogram?

Som del av arbeidet med revisjonen skal det utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet legg rammene for planarbeidet og gjer greie for føremålet med arbeidet, viktige tema og problemstillingar, behovet for kunnskap og utgreiingar, framdrift og opplegg for medverknad.

Planområdet

Kommuneplanen sin arealdel skal omfatte alt areal innanfor Volda kommune sine grenser, både land- og sjøareal. Planområdet er på 998 km^2, der 876 km^2 er land og ferskvatn.

FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal byggje på nasjonale, regionale og kommunale mål, føringar og lovkrav. Desse gir rammer for planarbeidet og skal leggjast til grunn for vurderingar og prioriteringar i arealdelen. Ei oversikt over sentrale føringar er samla i siste kapittel.

Nasjonale føringar og politikk

Plan- og bygningslova gir dei overordna rammene for arealplanlegginga og stiller krav til innhald og prosess. Også anna lovverk gir viktige rammer for planarbeidet, mellom anna folkehelselova, bustadsosiallova, jordlova og naturmangfaldlova.

Regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal leggjast til grunn for arbeidet. Dei nasjonale forventningane legg særleg vekt på trygge og inkluderande lokalsamfunn, verdiskaping og næringsutvikling, natur-, klima- og miljøomsyn, samfunnstryggleik og beredskap, og samordning og samarbeid i planlegginga.

FN sine berekraftsmål og nasjonale klima- og miljømål skal vere førande for arealplanlegginga. I tillegg ligg statlege planretningslinjer og andre nasjonale føringar til grunn for arbeidet, mellom anna statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, klima- og energiplanlegging, strandsona og barn og unge sine interesser i planlegginga.

Regionale føringar og politikk

Regionale planar og strategiar for Møre og Romsdal skal leggjast til grunn for arbeidet. Dei regionale føringane legg vekt på attraktive byar og tettstader, gode bumiljø, arealeffektiv utvikling, redusert transportbehov og rett lokalisering av bustader, arbeidsplassar, handel og tenester.

Planlegginga skal samtidig ta vare på natur- og landbruksressursar, vassmiljø og kulturmiljø, og leggje til rette for klimatilpassing, framtidig energibehov og miljøvenlege transportløysingar.

Kommunale føringar - kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin langsiktige strategi for samfunnsutviklinga. Gjeldande samfunnsdel vart vedteken av kommunestyret i 2022 og inneheld mål og strategiar som skal gi retning for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen inneheld også arealstrategiar som skal vere førande for arealbruken. Kommuneplanen sin arealdel skal følgje opp måla og arealstrategiane gjennom arealbruk, føresegner og andre verkemiddel i planen. Neste kapittel gir ei samla oversikt over arealstrategiane.

AREALSTRATEGIAR

Arealstrategiane i samfunnsdelen gir langsiktige føringar for kommunen sin arealbruk. Dei skal leggjast til grunn for revisjonen av kommuneplanen sin arealdel og for framtidige forslag om regulering og utbygging.

Universell utforming
Universell utforming skal takast i vare i planlegging, nybygging og rehabilitering av alle bygningar, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar.

Hovudsenter
Volda sentrum skal ha funksjon som hovudsenteret i kommunen, og prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum med urbane kvalitetar. Hovudsenteret skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.

Volda sentrum sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.

Offentlege regionale funksjonar skal lokaliserast til indre og midtre sentrumssone.

Detaljhandel, hotell, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemder skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone.

Lokalsentre
Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/ Dravlaus er lokalsentre. Lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.

Offentlege og allmenne føremål utanfor Volda tettstad skal lokaliserast til lokalsentra.

Mork-Furene skal ha funksjon som regionalt knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer.

Fortetting
Vi skal prioritere fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen og eksisterande utbyggingsområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.

Fortettingsprosjekt i Volda sentrum skal legge høg vekt på estetisk og arkitektonisk kvalitet, bidra til aktive gaterom og ha høg kvalitet på felles uteområde.

Bustadområde
Vi skal sikre mangfald og variasjon i bustadtilbodet, ta i vare bustadsosiale omsyn og legge vekt på god bukvalitet, inkludert gode felles uteopphaldsareal, møte- og leikeplassar i buområda.

Framtidige bustader for eldre og andre med behov for nærleik til tenester og tilbod skal i størst mogleg grad lokaliserast nær sentrum med nærleik til handel, kollektivtransport, kultur- og aktivitetstilbod, frivillig aktivitet og basar for kommunale tenester, slik at bustadutviklinga støttar opp under måla om aktiv deltaking, sosial inkludering, redusert behov for, og meir effektiv levering av kommunale tenester. Bustaden og bumiljøa skal bidra til eit meir aktivt og sosialt liv som unngår eller utsett behovet for kommunale tenester.



Senterstruktur i Volda kommune.

Offentlege og regionale funksjonar
Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetableringar av offentlege og regionale funksjonar.

Vi skal sikre tilstrekkeleg areal for barnehagar og skular, inkludert gode uteareal.

Nærings- og produksjonsareal
Volda kommune skal ha tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært. Områder avsett til næringsføremål skal ha høg arealutnytting.

Lokalisering av nye næringsområde bør skje etter ABC-prinsippet: "Rett verksemd på rett plass". Utvikling bør samlast der det gir grunnlag for samarbeid og vekst. Dette skal vurderast i eit regionalt perspektiv, og ikkje avgrensa til eigne kommunegrenser.

Vi skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk.

Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar jord. Omdisponeringa av dyrka jord til andre føremål enn landbruk, skal vere minst mogleg. Den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal ikkje overstige 6 dekar. Maksimalt 5 dekar dyrka jord kan omdisponerast årleg etter plan- og bygningslova. Maksimalt 1 dekar dyrka jord kan omdisponerast årleg etter jordlova. Omdisponert dyrka eller dyrkbar jord skal ha høg utnyttingsgrad.

Møteplassar
Offentlege uterom, torg, møteplassar og rekreasjonsareal i sentrumsområda, bustadområda og på forretnings-/ næringsområda skal fremme aktivitet og deltaking, vere tilgjengeleg for alle og utviklast med høg kvalitet og variert innhald.

Natur- og friluftsområde
Vi skal sikre og utvikle viktige natur- og friluftslivsområde og legge til rette for tilgang til områda.

Vi skal ta i vare verdifulle naturtyper og biologisk mangfald.

Ålmenta si moglegheit for ferdsel og aktivitetar langs fjorden og blågrøne strukturar frå fjord til fjell skal sikrast og styrkast.

Reiseliv og kulturmiljø
Vi skal sikre areal til og vidareutvikle overnattingstilbodet i Volda sentrum, Grodås og Bjørke og legge til rette for reiseliv i heile kommunen.

I Hjørundfjorden skal naturverdiar, friluftsliv og grøn turisme prioriterast.

Vi skal sikre viktige kulturmiljø og kulturminne, inkludert verdifulle setremiljø.

Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde eller verdifulle setremiljø.

Transport og infrastruktur
Vi skal sikre og prioritere gode, samanhengande og trygge gang- og sykkelvegforbindelsar spesielt i tettstadene og lokalsentra. Snarvegar skal ikkje sperrast eller innsnevrast. I Volda sentrum skal mjuke trafikantar prioriterast framfor gods- og personbiltrafikk.

Parkering i Volda sentrum skal primært konsentrerast og løysast med fellesanlegg.

Vi skal utvikle gode koplingar for gåande og syklande mellom høgskuleområdet og andre funksjonar i Volda sentrum.

Vi skal utvikle Volda sentrum, Furene og Grodås som regionale kollektivknutepunkt og styrke tettstadene, lokalsentra og bygdene med betre kollektivtilbod.

Vi skal sikre moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygningar, i sentrum og i lokalsentra.

Vi skal sikre trygge og gode kommunikasjonar i regionen og heile kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.

Vi skal legge til rette for klima- og miljøvenleg sjøtransport.

Det skal sikrast fiber/breiband og telekommunikasjon i heile kommunen.

Støy
I raud støysone er det ikkje tillate med støyfølsame bruksføremål, jf. T-1442.

Det kan tillatast støyfølsam bruksføremål i gul støysone, dersom alle bueiningar har minst ein stille side.

Arealnøytralitet og karbonrike areal
Vi skal vere ein arealnøytral kommune. Det vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må kommunen først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal.

Vi skal unngå utbygging på areal med store karbonlagre (myr og høybonitet skog).

Massar og mineralressursar
Vi skal legge til rette for uttak av mineralressursar, mottak, gjenvinning og deponering av massar for planlagt utbygging og utvikling i kommunen.

Vi skal prioritere sirkulær masseforvaltning, inkludert størst mogleg gjenbruksandel av massar.

Samfunnstryggleik og klimatilpasning
Institusjonar med krav til utrykkingstid skal ikkje plasserast utanfor tettstadane.

Utsett bebyggelse og transportinfrastruktur skal sikrast mot flaum, ras, skred, havnivåstigning og andre uønska hendingar. Nye utbyggingsområde skal lokaliserast og utviklast slik at dei er tilpassa konsekvensar av klimaendringane og sikra mot uønska hendingar.

Vi skal ta i vare samanhengande blågrøne strukturar, sikre flaumvegar, opne flest mogleg lukka vassvegar og handtere overflatevatn lokalt.

Vi skal fortrinnsvis ha naturbaserte, opne og lokale løysingar for klimatilpasning.

Vi skal bruke blågrøn faktor som verktøy for å sikre blågrøne kvalitetar i utbyggingsprosjekt og bidra til naturbasert handtering av overvatn, klimatilpassing, styrkt naturmangfald og god bukvalitet.

I utbyggingsprosjekt for andre arealføremål skal det settast krav om blågrøn faktor i reguleringsplan.

Føremål

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein oppdatert arealdel som avklarar framtidig arealbruk i Volda kommune. Arealdelen skal følgje opp mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel, byggje på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og vere eit tydeleg og føreseieleg styringsverktøy for arealforvaltninga. Arealbehov og utviklingstrekk skal vurderast i eit regionalt perspektiv, med særleg merksemd på samanhengen mellom Volda og Ørsta.

I revisjonen skal det særleg leggjast vekt på å:

- gå gjennom areal som er sette av til utbygging eller akvakultur, men ikkje tekne i bruk, og vurdere kva som skal vidareførast, takast ut eller få endra føremål
- sikre tilstrekkeleg og eigna areal for næringsverksemd, med særleg vekt på Furene og Grodås og behovet for sjønære næringsareal
- avklare framtidig arealbehov for offentlege tenester, mellom anna som følgje av eventuelle strukturendringar innan skule, barnehage og tekniske tenester
- avklare framtidig arealbehov og lokalisering av vatn- og avløpsanlegg, inkludert nytt sentralreinseanlegg
- leggje til rette for meir sirkulær masseforvaltning og vurdere eigna areal for handtering og ombruk av overskotsmassar
- fremje effektiv arealbruk og ta vare på viktige natur- og friluftsverdiar, kulturminne og kulturmiljø, dyrka og dyrkbar jord og areal med store karbonlager

Samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing skal liggje til grunn for heile planarbeidet. Det skal utarbeidast ein ROS-analyse for arealdelen. Kunnskap om naturfare, klimaendringar, risiko og sårbarheit, kritisk infrastruktur og viktige beredskapsbehov skal leggjast til grunn for arealbruken og følgjast opp i plankart og føresegner der det er relevant.

Hovudtema

Følgjande tema vil vere hovudtema i planarbeidet:

- Oppdatere og rydde i plangrunnlaget
- Auka verdiskaping og rett verksemd på rett stad
- Areal til tenester i endring
- Vatn, avløp og nytt sentralreinseanlegg
- Sirkulær masseforvaltning
- Ta vare på natur-, landbruks- og kulturverdiar

Fleire av hovudtemaa er avhengige av kunnskapsgrunnlag og utgreiingar som blir gjennomførte i eigne prosessar. For at resultata skal kunne leggjast til grunn for arealdelen, må dei liggje føre tidsnok i planprosessen. Utgreiingar og avklaringar som ikkje er ferdige før planforslaget blir utarbeidd, kan måtte følgjast opp i seinare planarbeid.

Oppdatere og rydde i plangrunnlaget

Volda kommune har i dag tre planar som til saman utgjer arealdelen. Delar av plangrunnlaget er utarbeidde etter eldre lovverk, og planane byggjer ikkje nødvendigvis på dagens kunnskap, behov og føringar. Samtidig ligg det inne utbyggingsareal som ikkje er tekne i bruk. Det er derfor behov for å rydde i planane og få ein oppdatert og meir heilskapleg arealdel for heile kommunen.

I gjeldande planar er det også sett av fleire område til akvakultur som ikkje er i bruk. Formannskapet har peika på behovet for å vurdere unytta akvakulturområde på nytt som del av revisjonen av arealdelen, og har sett i gang ein prosess for å vurdere mellombels forbod mot tiltak på slike område. Det blir ikkje lagt opp til å vurdere innspel om nye akvakulturområde i denne revisjonen.

Samfunnsdelen legg vekt på effektiv arealbruk og at kommunen skal vere arealnøytral. Det inneber mellom anna at eksisterande utbyggingsareal skal vurderast før nye areal blir tekne inn. Arealplanlegginga skal også gi tydelege og føreseielege rammer for utvikling og forvaltning. Samfunnsdelen legg samtidig vekt på berekraftig utvikling av fjordbruk og på å ta vare på viktige natur- og friluftslivsområde og biologisk mangfald. I Hjørundfjorden skal naturverdiar, friluftsliv og grøn turisme prioriterast.

I arbeidet med arealdelen skal areal som er sett av til utbygging eller akvakultur, men ikkje tekne i bruk gåast gjennom og det skal vurderast kva som skal vidareførast, takast ut eller få endra føremål. Plankart og føresegner skal oppdaterast og tilpassast dagens kunnskap, behov og føringar. Det skal også vurderast korleis arealføremål og føresegner kan gi tydelegare rammer for arealbruken og avklare fleire spørsmål gjennom plan, slik at behovet for dispensasjonar blir redusert.

Auka verdiskaping og rett verksemd på rett stad

Volda kommune treng tilgang på ulike typar næringsareal for å leggje til rette for næringsutvikling og nye arbeidsplassar. Behovsanalysa for næringsareal peikar mellom anna på vidare utvikling av eksisterande næringsareal på Furene og Grodås. Det er også behov for sjønære næringsareal.

Samfunnsdelen legg vekt på at kommunen skal ha tilgang på ulike typar næringsareal, og at nye næringsareal skal vere knytte til hovudvegnettet og kollektivtransport eller vere sjønære. Lokaliseringa skal byggje på prinsippet om «rett verksemd på rett stad», og eksisterande næringsareal skal utnyttast godt.

I arbeidet med arealdelen skal det vurderast korleis behovsanalysa for næringsareal skal følgjast opp, med særleg vekt på Furene og Grodås. Behovet for sjønære næringsareal og aktuelle løysingar skal også vurderast.

Areal til tenester i endring

Kommunale tenester og funksjonar er i endring. Det går mellom anna føre seg arbeid med framtidig struktur innan oppvekst, som kan gi endra arealbehov for skular og barnehagar. Bustadpolitisk handlingsplan er også under arbeid og kan avdekkje behov for areal til kommunale bustader og tenester. Rapporten Heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp i Volda peikar på ein ny barnehagestruktur med større einingar som eit aktuelt omstillingstiltak med mogleg økonomisk effekt. Auka samarbeid med Ørsta kommune kan gi høve til å samordne kommunale tenester og funksjonar på tvers av kommunegrensa, mellom anna innan tekniske tenester og brannberedskap. Kommunen vurderer sal av kommunale eigedomar, noko som kan gi behov for å endre arealføremål i enkelte område.

Samfunnsdelen legg vekt på å sikre tilstrekkeleg areal til skular og barnehagar, inkludert gode uteareal, og areal til vidareutvikling og nyetablering av offentlege og regionale funksjonar. Offentlege og allmenne føremål skal lokaliserast i tråd med senterstrukturen.

I arbeidet med arealdelen skal kommunen avklare arealbehov som følgje av eventuelle strukturendringar innan skule, barnehage og tekniske tenester. Det skal også vurderast om auka samarbeid med Ørsta kommune kan gi grunnlag for å samordne areal og anlegg. Relevante arealbehov frå arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan skal også vurderast og følgjast opp i arealdelen. Kommunale eigedomar som er aktuelle for sal, skal gåast gjennom for å vurdere behov for endra arealføremål. I tillegg skal det innhentast kunnskap og innspel om framtidige arealbehov frå relevante offentlege institusjonar.

Vatn, avløp og nytt sentralreinseanlegg

Volda kommune har behov for å utvikle vatn- og avløpsinfrastrukturen for å møte framtidige behov og strengare krav til reinsing av avløpsvatn. Nye krav til avløpsreinsing vil gi behov for meir omfattande reinsing enn i dag, og kommunen har derfor behov for eit nytt sentralreinseanlegg. Det er også behov for å avklare andre framtidige arealbehov knytte til vatn og avløp.

Samfunnsdelen legg vekt på at kommunen skal ha god teknisk infrastruktur i heile kommunen.

I arbeidet med arealdelen skal kommunen kartleggje status og avklare framtidig arealbehov og lokalisering av vatn- og avløpsanlegg, inkludert nytt sentralreinseanlegg, og vurdere om eksisterande anlegg er rett viste i kommuneplanen.

Sirkulær masseforvaltning

Det er behov for betre løysingar for handtering av overskotsmassar i kommunen. Omfanget av behovet, kva løysingar det er behov for og kvar desse bør lokaliserast, er ikkje tilstrekkeleg avklart. Manglande lokale løysingar kan føre til lang transport og høge kostnader. Samstundes er massar ein ressurs som i større grad kan ombrukast og gjenvinnast. Tilgang på eigna areal for mellomlagring er viktig for å kunne leggje til rette for meir sirkulær masseforvaltning.

Samfunnsdelen legg vekt på å leggje til rette for uttak av mineralressursar, mottak, gjenvinning og deponering av massar for planlagt utbygging og utvikling i kommunen. Kommunen skal prioritere sirkulær masseforvaltning, inkludert størst mogleg ombruk av massar.

I arbeidet med arealdelen skal kommunen kartleggje behovet og vurdere eigna areal for mellomlagring, ombruk, gjenvinning, deponering og anna massehandtering. Arbeidet skal skje i dialog med relevante aktørar i næringslivet, og det skal vurderast om behov og løysingar bør sjåast på tvers av kommunegrensene.

Ta vare på natur-, landbruks- og kulturverdiar

Natur, dyrka og dyrkbar jord, friluftsområde, landskap og kulturmiljø er viktige verdiar. Desse areala gir mellom anna grunnlag for matproduksjon, naturmangfald, friluftsliv, karbonlagring og opplevingar. Samtidig kan utbygging og andre inngrep føre til at slike verdiar går tapt eller blir svekte. Kommunen har dei siste åra styrkt grunnlaget for å ta vare på natur-, landbruks- og kulturverdiar, mellom anna gjennom arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald, lokal jordvernstrategi og kulturmiljøplan.

Samfunnsdelen legg vekt på å ta vare på dyrka og dyrkbar jord, viktige natur- og friluftslivsområde, verdifulle naturtypar og biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturminne. Kommunen skal også unngå utbygging på areal med store karbonlager, som myr og skog med høg bonitet.

I arbeidet med arealdelen skal kommunen vurdere korleis viktige natur-, landbruks- og kulturverdiar skal takast vare på gjennom arealføremål, omsynssoner og føresegner. Kunnskapsgrunnlaget for landbruk og friluftsliv skal oppdaterast og ferdigstillast for heile kommunen. Kommunedelplanen for naturmangfald skal følgjast opp i arealdelen, og det skal utarbeidast kartgrunnlag for kulturmiljø med utgangspunkt i kulturmiljøplanen.

STATUS, AREALBEHOV OG KUNNSKAPSBEHOV


Tre delar skal bli til ein

Volda kommune har i dag tre planar som til saman utgjer kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune vart vedteken i 2021. Arealdelen for tidlegare Hornindal kommune er frå 2004, medan Bjørke og Viddal er omfatta av arealdelen for Ørsta kommune frå 1990. Dei to eldste planane er utarbeidde etter eldre lovverk og er ikkje oppdaterte i tråd med dagens kunnskap, behov og føringar. Kommunen har også fleire kommunedelplanar for geografiske område og temaplanar som bør følgast opp i arealdelen. I planarbeidet skal det også vurderast om desse skal innarbeidast i den nye arealdelen eller vidareførast som eigne planar.

Den nye arealdelen skal samle og oppdatere det overordna plangrunnlaget for heile kommunen. Areal som allereie er sette av til utbygging, men ikkje tekne i bruk, skal gåast gjennom og vurderast opp mot dagens behov, kunnskap og føringar.

Planreserve - areal som allereie ligg i planane

Gjeldande planar har ein samla planreserve på om lag 5 300 dekar. Planreserven er areal som er sette av til utbyggingsføremål, men som enno ikkje er bygde ut. Dei største reservane er til fritidsbustader og idrettsanlegg. Det ligg også reservar til bustadføremål, næringsbygg kombinerte føremål og råstoffutvinning. Tala byggjer på det siste publiserte arealrekneskapet frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Fleire planar er digitaliserte etter dette, og tala kan derfor endre seg ved neste oppdatering.



Planreserve etter arealformål (dekar). Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, Arealrekneskap 2025.

At eit areal ligg inne som utbyggingsareal i ein gjeldande plan, betyr ikkje nødvendigvis at arealet bør byggjast ut. Nokre område kan vere lite eigna, ha viktige natur-, landbruks- eller andre verdiar, eller ikkje lenger svare til behovet kommunen har. Samstundes kan det i dag vere behov for andre typar areal eller areal på andre stader.

Gjennomgangen av planreserven blir derfor ein viktig del av arbeidet med den nye arealdelen. Areala i planreserven skal vurderast på nytt, og det skal takast stilling til kva som skal vidareførast, takast ut eller få endra føremål. Planreserven skal også sjåast i samanheng med behovet for nye areal.

Av den samla planreserven ligg om lag 476 dekar på jordbruksareal og 299 dekar på myr. I tillegg ligg 164 dekar i område med verdsett natur. Slike verdiar og omsyn vil vere ein del av vurderinga når kommunen går gjennom planreserven.



Planreserve etter arealtype (dekar). Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune, Arealrekneskap 2025.

Meir om arealrekneskapet

Arealrekneskapet gir oversikt over arealbruken i kommunen og viser kva areal som er sett av til ulike føremål i gjeldande planar. I fylkeskommunen sitt verktøy ”Arealrekneskap” er det mogleg å utforske planreserven og sjå nærare på mellom anna arealføremål og arealtypar.



Kartet viser areal som er sette av til utbyggingsføremål i gjeldande planar, men som enno ikkje er bygde ut.

Kva er planreserve?

Planreserve er areal som er sette av til utbygging i gjeldande planar, men som enno ikkje er bygde ut.

Interessert i å sjå meir på planreserven?

Fylkeskommunen sitt verktøy finn du her!

Arealføremål – status og behov

Tabellen under gir ei samla oversikt over status og behov for dei ulike arealføremåla. Den viser også kva oppgåver som skal følgjast opp i planarbeidet.

Arealføremål	Status og arealbehov	Oppgåver i planarbeidet
Bustader	Stor arealreserve i gjeldande planar, ikkje behov for nye bustadareal samla sett. Innsats- og bustadtrappa peikar på at Volda kommune har eit potensial for å redusere samla ressursbruk ved å auke satsinga på eigna bustader i gode bumiljø. Det er behov for å vurdere om dagens bustadreserve er rett lokalisert og tilpassa framtidige behov, med særleg vekt på Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Bustadpolitisk handlingsplan er under arbeid og kan gi ny kunnskap om bustadbehova i kommunen.	Gå gjennom eksisterande arealreserve og vurdere om bustadreserven er rett lokalisert og tilpassa framtidige behov. Vurdere korleis relevante arealbehov frå bustadpolitisk handlingsplan skal følgjast opp i arealdelen.
Fritids-busetnad	Stor arealreserve i gjeldande planar. Ikkje behov for nye areal til fritidsbusetnad, samla sett.	Gå gjennom eksisterande arealreserve og vurdere kva areal som skal vidareførast, takast ut eller få endra føremål.
Sentrums-føremål	Ifølgje næringsbehovsanalysen er det ikkje behov for meir areal til sentrumsføremål, men eksisterande areal bør utnyttast betre. Dette er tema i områdereguleringa for Volda sentrum og Grodås, som begge er under arbeid.	
Forretningar	Ifølgje næringsbehovsanalysen er det ikkje behov for meir areal til forretning, men eksisterande areal bør utnyttast betre. Utvikling av forretningar bør skje innanfor dagens sentrumsområde.	

Arealføremål	Status og arealbehov	Oppgåver i planarbeidet
Offentleg eller privat tenesteyting	Det er behov for å avklare arealbehov som følgje av eventuelle strukturendringar innan skule, barnehage og tekniske tenester. Strukturendringar kan også få konsekvensar for arealbehovet til andre kommunale tenester og funksjonar. Auka samarbeid med Ørsta kommune kan gi høve til å samordne areal og anlegg på tvers av kommunegrensa, mellom anna innan tekniske tenester og brannberedskap. Det er også behov for å undersøkje om kommunen har arealbehov knytte til beredskap. Bustadpolitisk handlingsplan er under arbeid og kan avdekkje behov for areal til kommunale bustader og tenester. Kommunen vurderer sal av kommunale eigedomar, noko som kan gi behov for endra arealføremål. Framtidig arealbehov for andre offentlege funksjonar, som sjukehuset og høgskulen, er ikkje avklart.	Avklare arealbehov som følgje av eventuelle strukturendringar innan skule, barnehage og tekniske tenester. Vurdere moglegheiter for samordning av areal og anlegg med Ørsta kommune, mellom anna innan tekniske tenester og brannberedskap. Innhente kunnskap og innspel frå relevante fagmiljø om eventuelle arealbehov knytte til beredskap. Følgje opp relevante arealbehov frå arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan. Gå gjennom kommunale eigedomar som er aktuelle for sal og vurdere behov for endra arealføremål. Innhente kunnskap og innspel om framtidige arealbehov frå relevante offentlege institusjonar.
Fritids- og turistføremål	Behovsanalysa for næringsareal peikar på potensial for utvikling av reiselivsnæringa. Det blir ikkje lagt opp til eit eige utviklingsarbeid for reiseliv i denne revisjonen.	
Råstoff-utvinning	Status og framtidig arealbehov for råstoffutvinning er ikkje tilstrekkeleg avklart, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Kartleggje eksisterande uttaksområde og undersøkje framtidig behov. Innhente kunnskap og innspel frå næringa.
Næringsbygg	Behovsanalysa for næringsareal peikar på utviding av eksisterande næringsareal i Furene og på Grodås. Det er også behov for sjønære næringsareal.	Vurdere korleis behovsanalysa skal følgjast opp i arealdelen, med særleg vekt på Furene og Grodås. Vurdere behovet for sjønære næringsareal og aktuelle løysingar.
Idrettsanlegg	Kommunedelplanane for idrett og fysisk aktivitet er frå 2014 og 2015, og er eit eldre kunnskapsgrunnlag. Samtidig er det ein stor arealreserve i gjeldande planar. Det blir derfor ikkje lagt vekt på å utgreie behov for nye areal til idrettsanlegg i denne revisjonen.	
Andre typar bygningar og anlegg	Det er behov for å vurdere om eksisterande byggje- og anleggstiltak (som t.d. reinseanlegg, energianlegg, småbåtanlegg og massedeponi) er rett viste i kommuneplanen, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Det er behov for betre løysingar for handtering av overskotsmassar. Omfanget av behovet, kva løysingar det er behov for og kvar desse bør lokaliserast, er ikkje tilstrekkeleg avklart.	Gå gjennom eksisterande anlegg og vurdere om dei er rett viste i kommuneplanen, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Kartleggje behovet og vurdere eigna areal for mellomlagring, ombruk, gjenvinning, deponering og anna massehandtering. Innhente kunnskap og innspel frå relevante aktørar i næringslivet om behov og moglege løysingar, og vurdere om behov og løysingar bør sjåast på tvers av kommunegrensene.
Uteopphalds-areal	Det kan vere behov for enkelte endringar i uteopphaldsareal, særleg ved skular og barnehagar som følgje av eventuelle strukturendringar. Det blir ikkje lagt opp til ein generell gjennomgang i denne revisjonen.	Vurdere behov for endringar i uteopphaldsareal, med særleg vekt på skular og barnehagar som blir omfatta av eventuelle strukturendringar.
Grav- og urnelund	Framtidig kapasitet og eventuelt behov for utviding av grav- og urnelundar er ikkje avklart, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Undersøkje kapasitet og framtidig arealbehov for grav- og urnelundar. Innhente kunnskap og innspel frå Volda kyrkjelege fellesråd.

Samferdsels-anlegg og teknisk infrastruktur	Det er behov for areal til nytt sentralreinseanlegg og anna infrastruktur knytt til vatn og avløp. Det er behov for meir kunnskap om kapasiteten i overvassystemet, særleg i Volda tettstad, for å kunne vurdere behov for tiltak og stille gode krav ved ny utbygging. Det er behov for å vurdere om eksisterande samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er rett viste i kommuneplanen, med særleg vekt på Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Behovet for nye areal til gang-, sykkel- og kollektivløysingar, ladeinfrastruktur, hamner, energi og annan teknisk infrastruktur er ikkje tilstrekkeleg avklart. Arbeidet med å avklare desse behova blir avgrensa i denne revisjonen.	Kartleggje status og avklare framtidig arealbehov og lokalisering av vatn- og avløpsanlegg, inkludert nytt sentralreinseanlegg. Utarbeide hovudplan for overvasshandtering, med særleg vekt på Volda tettstad. Følgje opp arbeidet med hovudplan for overvasshandtering som kunnskapsgrunnlag for arealdelen. Utarbeide vegnorm, og følgje den opp i arealdelen. Gå gjennom eksisterande samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur og vurdere om dei er rett viste i kommuneplanen med særleg vekt på Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Gjere ei avgrensa vurdering av behov for nye eller endra areal til samferdsel og teknisk infrastruktur. Innhente kunnskap og innspel frå statlege og regionale mynde.
Grønstruktur	Behovet for å sikre grønstruktur og viktige friluftslivsområde er ikkje tilstrekkeleg avklart, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Arbeidet med å avklare desse behova blir avgrensa i denne revisjonen.	Gjere ei avgrensa kartlegging av behov for nye eller endra areal til grønstruktur.
Landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF)	Det er behov for å vurdere arealføremål og forvaltning av fritids- og setreområde i LNF-område, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Det er behov for å vurdere om frådelte og utbygde bustadtomter i LNF-område bør endre arealføremål frå LNF til LNF – spreidde bustader.	Oppdatere kartlegginga av kjerneområde landbruk for heile kommunen. Innhente kunnskap og innspel frå landbruksnæringa. Vurdere forvaltninga av fritids- og setreområde. Gå gjennom frådelte og utbygde tomter i LNF-område og vurdere om dei bør endre arealføremål.
LNF – spreidde bustader	Det er behov for å gå gjennom eksisterande område og vurdere avgrensingar og føresegner, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. (Sjå også punkt over om frådelte og utbygde bustadtomter i LNF-område.)	Gå gjennom eksisterande område for spreidd bustadbygging og vurdere avgrensingar og føresegner.
LNF – spreidd fritids-busetnad	Det er behov for å gå gjennom eksisterande område og vurdere avgrensingar og føresegner, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Gå gjennom eksisterande område for spreidd fritidsbusetnad og vurdere avgrensingar og føresegner.
LNF – spreidde nærings-bygningar	Det er behov for å gå gjennom eksisterande område og vurdere avgrensingar og føresegner, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Gå gjennom eksisterande område for spreidd næringsbygging og vurdere avgrensingar og føresegner.
Bruk og vern av sjø og vassdrag	I gjeldande planar er det sett av fleire område til akvakultur som ikkje er tekne i bruk. Desse områda skal vurderast på nytt. Det er også behov for å vurdere endringar i andre areal for sjøbasert næringsliv.	Gå gjennom område som er sett av til akvakultur, men ikkje tekne i bruk, og vurdere kva som skal vidareførast, takast ut eller få endra føremål. Følgje opp marin kartlegging som kunnskapsgrunnlag for arealdelen.

Omsynssoner – status og behov

Tabellen under gir ei oversikt over status og behov for dei ulike omsynssonene. Den viser også kva oppgåver som skal følgjast opp i planarbeidet.

Omsynssone	Status og behov	Oppgåver i planarbeidet
Sikringssoner Område med særlege sikringsbehov, som t.d. nedslagsfelt for drikkevatn og grunnvassforsyning	Det er behov for å sikre drikkevasskjelder og andre sikringsområde, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Det kan også vere behov for sikringssoner av omsyn til kritisk infrastruktur, beredskap og totalforsvar.	Gå gjennom eksisterande kunnskapsgrunnlag og vurdere behovet for nye eller oppdaterte sikringssoner mellom anna for drikkevassforsyning, kritisk infrastruktur og andre relevante beredskaps- og totalforsvarsomsyn.
Støysoner Område der det må takast særlege omsyn eller restriksjonar på grunn av støy.	Det er behov for å sikre relevante støysoner, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Gå gjennom eksisterande kunnskapsgrunnlag og avklare aktuelle støysoner.
Faresoner Område der det må takast særlege omsyn på grunn av fare, som t.d. ras, skred, flaum, radon, brann og eksplosjon, skytebane og høgspenningsanlegg.	Det er behov for å sikre relevante fareområde, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst. Det er også behov for å vurdere korleis skog som kan redusere skredfare kan handterast i arealdelen. Det er behov for å vurdere brannfare og eventuelle endringar i faresoner og føresegner.	Gå gjennom eksisterande kunnskapsgrunnlag og avklare aktuelle faresoner. Vurdere føresegner om hogst av skog i område med skredfare. Vurdere behovet for faresoner og føresegner knytte til brannfare, i samarbeid med brannavdelinga.
Sone med særleg omsyn til landbruk	Det er behov for å sikre viktige landbruksområde. Kartlegginga av kjerneområde for landbruk dekkjer ikkje heile kommunen og må oppdaterast.	Oppdatere kartlegginga av kjerneområde landbruk for heile kommunen. Innhente kunnskap og innspel frå landbruksnæringa.
Sone med særleg omsyn til mineralressursar	Det er behov for å sikre viktige mineralressursar, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Avklare kva område som er aktuelle for omsynssone for mineralressursar. Innhente kunnskap og innspel frå relevante institusjonar og næringa.
Sone med særleg omsyn til friluftsliv	Viktige friluftslivsområde må sikrast. Kartlegging og verdisetting er ikkje ferdigstilt for heile kommunen.	Ferdigstille og oppdatere kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde.
Sone med særleg omsyn til grønstruktur	Det er behov for å sikre viktig grønstruktur, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Avklare kva område som bør synleggjerast med omsynssone grønstruktur, særleg i tettbygde område.
Sone med særleg omsyn til landskap	Det er behov for å sikre viktige landskapsverdiar, særleg i Hornindal, Bjørke og Viddal, der plangrunnlaget er eldst.	Gå gjennom eksisterande kunnskapsgrunnlag og avklare kva område som bør synleggjerast med omsynssone for landskap.
Sone med særleg omsyn til bevaring av naturmiljø	Det er behov for å sikre viktige naturverdiar.	Følgje opp kommunedelplan for naturmangfald og avklare kva område som bør synleggjerast med omsynssone for naturmiljø.
Sone med særleg omsyn til kulturmiljø	Det er behov for å sikre viktige kulturmiljø.	Følgje opp kulturmiljøplanen og avklare kva område som bør synleggjerast med omsynssone for kulturmiljø.
Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde.	Det er behov for å avklare kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde, og kva planar som bør opphevast eller erstattast av arealdelen.	Gå gjennom gjeldande reguleringsplanar som del av planvaskarbeidet, og avklare kva planar som skal vidareførast, opphevast eller erstattast av arealdelen.

ROS-ANALYSE

Etter plan- og bygningslova § 4-3 skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Analysen skal identifisere risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om areal er eigna for utbygging, og om planlagt arealbruk kan føre til ny eller endra risiko og sårbarheit.

ROS-analysen skal gi grunnlag for arealdisponeringar, føresegner og omsynssoner i arealdelen. Analysen skal også bidra til å avdekkje om eksisterande eller planlagd arealbruk kan svekkje viktige samfunnsfunksjonar, beredskap eller totalforsvar. Som del av arbeidet skal kommunen vurdere behovet for nye eller oppdaterte omsynssoner for fare- og sikringsområde. ROS-analysen skal utarbeidast i tråd med gjeldande rettleiing frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

Aktuelle tema som skal vurderast i ROS-analysen er:

Naturfarar:
- Skred (fjell-, stein-, jord- og snøskred)
- Flodbølgje
- Flaum og erosjon
- Overvatn
- Stormflo og havnivåstigning
- Sterk vind
- Skog- og grasbrann
- Tørke
- Ustabile grunntilhøve
- Radon

Samfunns- og verksemdsrelaterte forhold:
- Kritisk infrastruktur, som samferdsel, drikkevassforsyning, avløps- og overvasshandtering, energiforsyning og elektronisk kommunikasjon.
- Kritiske samfunnsfunksjonar, som skular, barnehagar, helseinstitusjonar, naud- og redningstenester
- Beredskap og totalforsvarsomsyn, mellom anna sårbarheit i kritiske samfunnsfunksjonar og moglege konfliktar mellom ulike typar arealbruk
- Andre samfunnsviktige verdiar (natur, kulturminne og kulturmiljø)
- Tilgjenge for naudetatar
- Verksemder og anlegg med særleg risiko, som anlegg med farlege stoff, storulykkeverksemder og damanlegg.
- Forureining
- Storbrann
- Ulukker med transportmiddel
- Terror og sabotasje
- Elektromagnetiske felt

Lista er ikkje uttømande. ROS-analysen skal avgrensast til forhold som er relevante i arealdelen.

KONSEKVENSUTGREIING

Etter forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing (KU) som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert før det blir teke avgjerder om framtidig arealbruk. Utgreiinga skal gi eit godt kunnskapsgrunnlag om kva verknader planforslaget kan få for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiinga skal vurdere og beskrive kva verknader nye utbyggingsområde og vesentleg endra arealbruk kan få for miljø og samfunn. Det skal også gjerast ei vurdering av dei samla verknadene av arealbruksendringane i planen. Konsekvensutgreiinga skal vidare synleggjere kva forhold som må avklarast nærare i seinare regulering av områda.

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast etter anerkjend metodikk og i samsvar med gjeldande rettleiing. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 “Konsekvensutredninger for klima og miljø” skal leggast til grunn for relevante klima- og miljøtema. Ny rettleiar for konsekvensutgreiing av kommuneplanen sin arealdel er under arbeid, og vil bli lagt til grunn for arbeidet dersom den er ferdig tidsnok i planprosessen.

Konsekvensutgreiing av enkeltområde

For nye utbyggingsområde og område med vesentleg endra arealbruk skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Kva tema som er relevante, og kor grundig dei skal utgreiast, vil variere etter type arealbruk og kva verdiar og interesser som kan bli påverka. Tabellen under viser tema som skal vurderast der dei er relevante.

Miljø		
Utgreiingstema	**Kva skal vurderast?**	**Kunnskapsgrunnlag/databaser/ relevante kjelder**
Naturmangfald	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar naturmangfald, økologiske samanhengar og naturen si evne til å levere økosystemtenester.	Kommunedelplan for naturmangfald Naturbase Artskart
Vassmiljø	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar vassmiljø i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og sjø, inkludert økologisk tilstand og omsyn til verna vassdrag.	Nasjonale kartdatabaser Vann-Nett Vassforvaltningsplan Verna vassdrag, Kommunale VA-planar
Landskap og utforming av staden	Vurdere endringar i landskapskarakter, visuelle kvalitetar, siktlinjer og landskapet si betydning for lokal identitet og oppleving. Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar arkitektonisk kvalitet, estetikk, stadlege kvalitetar og utforming av trygge og inkluderande omgjevnader, inkludert kriminalitetsførebyggande omsyn.	Foto Ortofoto Terrengmodellar Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum Moglegheitsstudie for Volda sentrum
Kulturminne og kulturmiljø	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar kulturminne og kulturmiljø.	Kulturmiljøplan (Volda kommune) Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Nasjonale kulturminnedata
Friluftsliv og nærmiljø	Vurdere konsekvensar for friluftsliv, rekreasjon, grønstruktur, nærmiljøkvalitetar og tilgjenge til strandsone, frilufts- og rekreasjonsområde.	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde. Turstiar, grønstruktur Kommunale planar. Strandsonekartlegging
Klimagass-utslepp	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar klimagassutslepp og område med viktige karbonlager, som skog og myr.	Kart karbonrike areal (myr, skog) Klimagasskalkulator, NIBIO
Forureining og støy	Vurdere korleis arealbruksendringane kan føre til eller bli påverka av støy og forureining av luft, grunn og vatn.	Støykart. Vann-Nett. Luftkvalitet (Miljødirektoratet) Grunnforureining (Miljødirektoratet)


Samfunn		
Utgreiingstema	**Kva skal vurderast?**	**Kunnskapsgrunnlag/databaser/ relevante kjelder**
Transport og mobilitet	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar transportbehov, reisemiddelval, trafikktryggleik, framkome og tilgjenge, inkludert konsekvensar for gåande, syklande, kollektivtransport og næringstransport.	Trafikkdata Mobilitetsstrategi Temaplan for trafikktrygging SPR mobilitet
Teknisk infrastruktur og energi	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar behov og konsekvensar for teknisk infrastruktur, energiforsyning og energiløysingar.	Hovudplan vatn og avløp Data frå relevante energi- og netteigarar
Jordressursar	Vurdere konsekvensar for matproduksjon og om arealbruksendringane er i tråd med nasjonale og lokale mål for jordvern.	AR5 NIBIO Kilden Jordvernstrategi for Volda kommune Kjerneområde landbruk
Mineral-ressursar	Vurdere konsekvensar for tilgang til og mogleg framtidig utnytting av kjende mineralførekomstar.	NGU sine kartdatabasar og registrerte mineralførekomstar
Folkehelse	Vurdere korleis arealbruksendringane kan påverke forhold som har betydning for folkehelse og livskvalitet, mellom anna tilgang til nærmiljø, møteplassar og universelt utforma område.	Folkehelseoversikta Folkehelseprofil Samfunnsdelen Kartlegging av tilgjengelighet
Oppvekstmiljø (barn og unge)	Vurdere korleis arealbruksendringane påverkar barn og unge sine oppvekstvilkår, leike- og opphaldsområde og moglegheiter for deltaking og aktivitet.	Oppvekstprofil Barnetråkk Barne- og ungerepresentant

Andre moment		
Samfunnstryggleik, beredskap, naturfare og klimatilpassing	Vurdere om arealbruksendringane kan føre til auka risiko eller sårbarheit, eller vere utsette for naturfare og konsekvensar av klimaendringar. Vurdere også om endringane kan påverke kritisk infrastruktur, beredskap, tilkomst for naudetatar eller viktige totalforsvarsomsyn. ROS-analysen skal leggjast til grunn for vurderinga.	Heilskapleg ROS ROS-analyse for arealdelen NVE Atlas og relevante fare- og aktsemdskart Klimaframskrivingar DSB- og NVE-rettleiing
Kommunal økonomi og tenestebehov	Vurdere om arealbruksendringa kan få vesentlege konsekvensar for kommunen sitt behov for investeringar, drift, teknisk infrastruktur og kommunale tenester.	Økonomiplan og budsjett Kommunale faglege vurderingar
Arealstrategiar frå samfunnsdelen	Vurdere korleis arealbruksendringane er i tråd med føringar i arealstrategiane.	Arealstrategiar

Samla vurdering av planforslaget

I tillegg til konsekvensutgreiing av dei enkelte arealbruksendringane skal det gjerast ei samla vurdering av verknadene av planforslaget. Det skal utarbeidast eit arealrekneskap som grunnlag for å vurdere dei samla verknadene av planforslaget og endringane i arealbruk. Den samla vurderinga av planforslaget skal synleggjere korleis summen av arealbruksendringane påverkar miljø og samfunn, og om planen samla sett følgjer opp mål og arealstrategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel.

ORGANISERING OG FRAMDRIFT



Arealdelen blir utarbeidd på oppdrag frå kommunestyret, som også skal gjere endeleg vedtak om planen. Formannskapet er planutval og politisk styringsgruppe for arbeidet. Formannskapet skal følgje planprosessen og ta stilling til viktige spørsmål og avklaringar undervegs.

Kommunedirektøren er prosjekteigar, medan kommunedirektøren si leiargruppe skal bidra med råd og sikre administrativ forankring. Kommuneplanleggjar er prosjektleiar og har ansvar for å leie og koordinere planarbeidet. Det blir sett saman ei tverrfagleg prosjektgruppe som skal bidra i arbeidet med plangrunnlag, plankart og føresegner, og i planlegging og gjennomføring av prosessen. Kompetanse innan samfunnstryggleik og beredskap og kommunen sin barne- og ungerepresentant skal knytast til arbeidet. Det blir oppretta administrative arbeidsgrupper for aktuelle tema etter behov. Desse skal bidra med kunnskapsgrunnlag, behovsvurderingar og faglege innspel til planarbeidet.

Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, politiske råd og utval, barn og unge og andre interesserte skal få høve til å medverke. Statlege og regionale mynde blir involverte undervegs, mellom anna gjennom regionalt planforum. Opplegget for medverknad og arealinnspel er nærare omtalt i neste kapittel.

Framdriftsplan

Følgjande framdriftsplan er sett opp for arbeidet:

2026 Oppstart av planarbeidet og utarbeiding av planprogram.
Møte i regionalt planforum. Kommunestyret vedtek planprogrammet.

2027 Medverknad og temamøte. Vurdering av arealinnspel og ROS-analyse. Politisk handsaming av kva arealinnspel som skal gå vidare til konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiing (KU). Utarbeiding av planforslag med plankart, føresegner og planomtale. Dialog med statlege og regionale instansar, mellom anna gjennom regionalt planforum.

2028 Politisk handsaming av planforslaget før høyring og offentleg ettersyn. Handsaming av merknader og eventuelle motsegner. Eventuell ny høyringsrunde. Slutthandsaming og endeleg vedtak.

Framdriftsplanen er rettleiande. Framdrifta vil mellom anna vere avhengig av omfanget av arealinnspel, behovet for utgreiingar, politiske avklaringar, parallelle prosessar som strukturendringar omorganisering av tenester og eventuelle motsegner. Tidsplanen kan derfor bli justert undervegs.

AREALINNSPEL OG PÅVERKNAD

Det vil vere fleire moglegheiter til å påverke gjennom planprosessen. Kva det er aktuelt å gi innspel til, vil variere mellom dei ulike fasane i arbeidet. Det blir høve til å gi innspel både til planprogrammet, undervegs i planarbeidet og til det ferdige planforslaget før endeleg vedtak.

Slik kan du delta i planarbeidet og påverke bruken av areala

Høyring av planprogrammet
Planprogrammet skildrar føremålet med planarbeidet, kva tema som skal utgreiast og korleis prosessen skal gjennomførast. I høyringsperioden kan alle kome med innspel til planprogrammet, mellom anna til hovudtema og problemstillingar som bør få merksemd i det vidare arbeidet.

Innspel til konkrete tema
Undervegs i planarbeidet kan det bli invitert til møte og andre former for medverknad om konkrete tema. Dette kan vere aktuelt når kommunen treng lokal kunnskap eller innspel frå bestemte grupper, næringar eller fagmiljø. Informasjon om møte og andre medverknadsaktivitetar blir publisert på kommunen sine nettsider.

Innspel til bruk av areal
Etter at planprogrammet er fastsett, blir det opna for arealinnspel. Då kan grunneigarar, innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og andre foreslå endra bruk av konkrete areal. Det kan også spelast inn område som bør takast vare på eller vidareførast med dagens bruk.

Arealinnspela gir kommunen viktig lokalkunnskap om behov, utfordringar og utviklingsmoglegheiter. Samtidig er kommuneplanen sin arealdel ein overordna og langsiktig plan som skal balansere mange omsyn. Alle innspel blir derfor vurderte, men ikkje alle vil gå vidare i planprosessen.

Kva arealinnspel blir prioriterte - og ikkje?

Revisjonen er avgrensa til dei arealbehova og temaa som er prioriterte i planprogrammet (sjå kapittel om hovudtema og status og behov).

For å sikre ein målretta planprosess og god framdrift blir innspel til nye område for følgjande føremål **ikkje** prioriterte i denne revisjonen:

- bustad
- fritidsbustad
- sentrumsføremål
- forretning
- idrettsanlegg
- akvakultur

Kriterium for den innleiande vurderinga
For andre arealinnspel blir det gjort ei innleiande vurdering. Det blir mellom anna lagt vekt på:

- om det er behov for den aktuelle typen areal
- om innspelet er i samsvar med relevante arealstrategiar i samfunnsdelen
- om innspelet støttar opp under fortetting og transformasjon i og nær eksisterande utbyggingsområde.
- om innspelet tek vare på dyrka og dyrkbar jord, viktige natur- og friluftslivsområde, kulturmiljø og kulturminne
- om innspelet inneber utbygging av areal med store karbonlager

Slik blir arealinnspela vurderte

Innleiande vurdering og ROS-analyse

Arealinnspela blir først vurderte etter kriteria for den innleiande vurderinga. Som del av denne vurderinga blir det også undersøkt om området er utsett for, eller kan føre til, risiko eller sårbarheit som har betydning for framtidig arealbruk (ROS-analyse).

På grunnlag av den innleiande vurderinga tilrår administrasjonen kva innspel som bør gå vidare til konsekvensutgreiing. Formannskapet tek stilling til kva arealinnspel som skal konsekvensutgreiast, og kva innspel som ikkje skal prioriterast vidare.


Konsekvensutgreiing

Innspel som går vidare etter den innleiande vurderinga, blir konsekvensutgreidde etter fastsett metode. Konsekvensutgreiinga skal vise kva verknader den foreslåtte arealbruken kan få for miljø og samfunn.

Samla vurdering og planforslag

Resultata frå den innleiande vurderinga, vurderinga av risiko- og sårbarheit og konsekvensutgreiinga blir vurderte samla. Arealinnspela blir også vurderte opp mot kvarandre, behovet for nye areal og eksisterande arealreserve.

På dette grunnlaget blir det vurdert kva nye areal som skal inngå i planforslaget. Vurderinga av nye utbyggingsareal skal sjåast i samanheng med gjennomgangen av eksisterande utbyggingsareal, planreserven og prinsippet om arealnøytralitet.



Prosess for vurdering av arealinnspel.

Høyring av planforslaget

Planforslaget blir handsama politisk før det blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. I høyringsperioden kan alle kome med merknader til planforslaget.

Vedtak

Etter høyringa blir merknadene vurderte og eventuelle endringar innarbeidde. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om planen.

OVERSIKT SENTRALE FØRINGAR

Planarbeidet skal byggje på og ta omsyn til nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag. Oversikta under viser sentrale dokument og kunnskapskjelder. Lista er ikkje uttømmande.

Nasjonale

Statlege planretningslinjer:

- Statlige planretningslinjer for klima og energi
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag

Sentrale lover:

- Akvakulturloven
- Boligsosialloven
- Folkehelseloven
- Forurensningsloven
- Friluftsloven
- Havne- og farvannsloven
- Havressurslova
- Jordlova
- Klimaloven
- Kulturminneloven
- Likestillings- og diskrimineringsloven
- Naturmangfoldloven
- Plan- og bygningsloven
- Sivilbeskyttelsesloven
- Skogbrukslova
- Vannressursloven
- Veglova

Andre nasjonale føringar og rettleiingar:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027
- FNs berekraftsmål
- Norges klima- og miljømål og Parisavtalen
- Forskrift om konsekvensutredninger
- Forskrift om brannforebygging
- Forskrift om organisering og dimensjoner av brannvesen
- Konsekvensutredning av klima og miljø (M-1941)
- Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB veileder)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 121 S 2022–2023)
- Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15 (2022–2023)

Regionale føringar

- Regional planstrategi Møre og Romsdal
- Fylkesplan for Møre og Romsdal
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader
- Fylkesstrategi for klima, miljø og energi
- Fylkesstrategi for kultur
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal
- Fylkesstrategi for samferdsel
- Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø
- Regional vassforvaltningsplan

Lokale føringar og grunnlagsdokument

Arealplanar og kommunedelplanar

- Kommuneplan Hornindal kommune
- Ørsta kommune - Kommuneplan 1990–2001
- Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune
- Kommunedelplan for E39 Byrkjelo–Grodås
- Kommunedelplan for FV60 Tomasgard–Røyrhus bru
- Kommunedelplan Kvivsvegen
- Kommunedelplan for fysisk aktivitet, anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø (tidlegare Volda kommune)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (tidlegare Hornindal kommune)
- Kommunedelplan for naturmangfald (under arbeid)
- Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget
- Kommunedelplan for helse og omsorg

Andre kommunale planar og strategiar

- Heilskapleg ROS
- Hovudplan vatn og avløp
- Jordvernstrategi
- Kommunal planstrategi
- Kulturmiljøplan
- Mobilitetsstrategi
- Temaplan breiband og ekomnett
- Temaplan for trafikktrygging

Andre relevante kjelder og grunnlagsdokument

- Arealrekneskap
- Barnetråkkregistreringar
- Behovsanalyse næringsareal
- Bustadstatistikk for Volda kommune
- Bustadbehov Volda sentrum
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum
- Folkehelseoversikta
- Folkehelseprofil og oppvekstprofil
- Forvaltningsplan for Utvalde kulturlandskap i landbruket – Hjørundfjorden og Norangsdalen
- Heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp
- Kart over grå areal (Miljødirektoratet)
- Kartlegging av leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde
- Kjerneområde landbruk (Volda kommune)
- Klimaprofil for Volda
- Klimaprofil for Møre og Romsdal
- Kommunestatistikk Volda kommune
- Naturbase, Artskart og andre offentlege kunnskapskjelder
- NVE Atlas og NVE Temakart
- Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Utviklingstrekk Volda kommune 2024
- Verdifulle setremiljø
- Seterdalsanalyse Hornindal